



ÅRSMELDING FOR 2016  
VEST-AGDER BONDELAG  
70. ARBEIDSÅR

## Innhold

Innhold.....	2
Ett år har gått .....	3
Medlemsorganisasjonen .....	4
Årsmøtet i Norges Bondelag 2016 .....	6
VEST-AGDER BONDELAG.....	8
Æresmedlemmer:.....	8
Tillitsvalgte i Vest-Agder Bondelag 2016/2017: .....	9
Representasjon og verv .....	9
Fylkeskontoret .....	10
Årsmøtet 2016 Scandic Bystranda Hotell i Kristiansand.....	11
Styresaker .....	15
Jordbruksforhandlingene 2016.....	15
Andre avtale med Solbergregjeringen.....	16
Andre styresaker.....	16
Felles styremøte på Agder.....	18
Grüne Woche 2016 og 2017.....	21
Leiarmøte 2016.....	22
Gratulerer så mykje til Kari og Sjur .....	25
Naturligvis 2016 .....	26
Sørlandssamlinga 2017 .....	29
-Det er krevende, men dette skal vi greie! .....	32
Landbrukspolitisk våronn.....	33
Fjerna søppel og rundballeplast.....	34
Årets lokallag i Vest-Agder.....	36
Skattekurset 2016 .....	37
Vårens vakreste eventyr .....	42
Lokallagene pr. 31.12.16:.....	43
Medlemstallet i lokallagene i 2016: .....	46
Hilsen fra Vest-Agder Bygdekvinnelag .....	47
Regnskap .....	48

## Ett år har gått

Av Tor Erik Leland / fylkesleder Vest-Agder Bondelag



Tor Erik Leland (Foto: øystein moi)

2016 har vært et kontrastenes år i landbruket. Stemningen er på mange måter optimistisk. Avlingene var også i år rimelig gode, det bygges mye i de grasbaserte produksjonene, og tilskuddspotten hos Innovasjon Norge strekker på ingen måte til.

Samtidig er det tydelige skjær i sjøen. Vi fikk et jordbruksoppgjør som på ingen måter var bedre enn det måtte, og statens tilbud fortsatte regjeringas tradisjon med kun å satse på de store. Resultatene fra de siste oppgjørene ser vi nå igjen i driftsgranskingene. Både i 2014 og 2015 har inntektsutviklingen totalt sett vært bra, men store forskjeller skjuler seg bak snitt-tallene. På Jæren økte driftsresultatet med hele 25 prosent på ett år, men andre bygder i Agder og Rogaland gikk ned 2 prosent. Vel er jærbøndene flinke, men det enorme utslaget skyldes i stor grad omfordelinga til stordrift.

Når vi på toppen av dette får servert ei jordbruksmelding som tar sikte på å «forenkle» bort veldig mange av de ordningene som er viktigst for oss i distriktslandbruket, så er det vanskelig å være positiv. Det blir hard jobbing for hele bondelagsapparatet utover våren for å sikre at jordbruket vårt ikke blir et offer på kostnadseffektivitetens alter. Heldigvis ser det ut som at opposisjon og støttepartier skjønner alvorret.

Med alt dette i bakhodet, er det trolig viktigere enn noen gang at norske bønder er godt organisert og står godt sammen. Denne jobben begynner i lokallagene, og jeg vil takke alle lokale tillitsvalgte som står på for det norske landbruket. Vi har nå fått et ungt lokallagslederkorps i fylket der halvparten er under 40 år, og sammen med et knippe eldre ringreiver blir vi en slagkraftig gjeng. Det trengs, vi vil få mange nye utfordringer.

Takk for arbeidsåret som gikk, og lykke til med neste!

## Medlemsorganisasjonen

Alle som støtter Norges Bondelags formålsparagraf kan være medlem. Alle er direkte medlemmer i Norges Bondelag. Foretak, herunder samdrifter, kan være medlem i Bondelagets Servicekontor AS. Det følger både rettigheter og plikter med medlemskapet. Norges Bondelag hadde ved utgangen av meldingsåret 63090 medlemmer. En medlemsøkning på 850 medlemmer i 2016. (Kilde: Norges Bondelag.)



*Her er både byråkratane frå Agderkontoret – og toppane i tillitsmannsapparatet på djupt vatn. F.v. fylkesleiar i Bondelaget; Tor Erik Leland – Turid Breistøl frå kontoret – Finn Aasheim frå kontoret – og lengst til høgre sit sjølvaste leiaren i Vest-Agder Bygdekvinnelag, Anne Lill Fjell Roland. (Mannen som gøymer seg i bakgrunnen er feilplassert – og ber difor om å få vere anonym.) – Foto: øystein moi*



*Unge bønder – eit satsingsområde for Vest-Agder Bondelag. Kwart år. (foto: øystein moi )*



## Årsmøtet i Norges Bondelag 2016



*Tor Erik Leland, fylkesleieren frå Selandsdalen, markerte seg raskt og tydeleg frå talarstolen på Lillehammer. (foto: øystein moi )*



*To flotte, og særst dugande representantar frå Vest-Agder Bondelag på plass i tingsalen. Inger Liv Røyter Thoresen (t.v.) og Kristin Skranefjell Eikeland. ( foto: øystein moi )*

Meir enn 300 gjestar, utsendinger - og tillitsvalde frå heile landet var samla då Norges Bondelag skipa til Årsmøte på Lillehammer i juni månad. Lars Petter Bartnes vart attvald som leiar medan Birte Usland, frå Marnardal, vart vald inn som fast medlem av hovudstyret.

Årsmøteveka starta med representantskapsmøte tysdag ettermiddag, og heldt fram med ordinært årsmøte både onsdag og torsdag. Det var ei uhorveleg lang saksliste som skulle handsamast. Meir enn 100 utsendinger, alle med røysterett, skulle bere fram budskapet sin frå talarstolen - ja då skjønner vonleg alle at det vart både lange og strevsame dagar i tingsalen. Utan atterhald kan ein oppsummere årsmøtet 2016 som særers vellukka. Bondelaget er ein organisasjon med godt samhald, stor takhøgde, og ikkje minst ein samskipnad kor dei aller fleste ser ljost på livet - og er optimistiske med tanke på framtida. Stolte næringsdrivande som trivast i jobben, vel vitande om produksjon av trygg norsk mat aldri vil gå av moten.

På gjestelista fann me kjende namn som m.a. landbruksminister Jon Georg Dale (FrP), partileiar Jonas Gard Støre (AP), stortingsrepresentant Knut Storberget (AP), stortingsrepresentant Geir Pollestad (SP) - og vår eigen Dagrun Eriksen (KrF). Og er du det aller minste i tvil - så kan me her og no avsløre at dei alle vil bøndene, og landbruket vel. Kvar på sin måte ...



*Tønnes Oksefjell er travel forretningsmann samstundes som han er utsending til Bondetinget. Med hjelp av små bærbarar telefonar, og moderne datateknologi, tykkjest Tønnes å ha kontroll på både oppgåvene på ein framifrå måte. (foto: øystein moi )*

## VEST-AGDER BONDELAG



*Æresmedlem Odd Mæland (foto: ø.moi)*



*Æresmedlem Roar Dokmo (foto: ø.moi)*

### **Æresmedlemmer:**

Roar Dokmo, Aust og Vest-Agder Bondelag og Bondelaget i Kristiansand.

Odd Mæland, Vest-Agder Bondelag - og Bondelaget i Kristiansand

*Bjarne Dønnestad*, Bondelaget i Kristiansand. (død nov. 2016)

Kåre Refsnes, Lista og Lyngdal Bondelag.

Johannes Solås, Lista og Lyngdal Bondelag.

Gunnar Hangeland, Bondelaget i Kristiansand.

Kaspar Stordrange, Nes Bondelag



*– Folk spør hvor lenge jeg har tenkt å holde på, men det er ikke opp til meg å avgjøre. Det er helsa og interessen som bestemmer det, sier Kaspar Stordrange (81). Aktiv gardbrukar – og æresmedlem i Nes Bondelag.*

## Tillitsvalgte i Vest-Agder Bondelag 2016/2017:

### Styret:

Tor Erik Leland, Audnedal, leder	<a href="mailto:torleland@hotmail.com">torleland@hotmail.com</a>	470 11 157
Åge Gyland, Flekkefjord, nestleder	<a href="mailto:aaggyl@online.no">aaggyl@online.no</a>	907 72691
Cathinka Jerkø, Vennesla	<a href="mailto:cjerkoe@hotmail.com">cjerkoe@hotmail.com</a>	900 44823
Anne-Lill F. Roland, Songdalen (VABK)	<a href="mailto:annelillfjell@gmail.com">annelillfjell@gmail.com</a>	906 83 524
Inger Liv Røyter Thoresen, Vennesla	<a href="mailto:inger.liv@hotmail.com">inger.liv@hotmail.com</a>	916 80 387
Tønnes Oksefjell, Kvinesdal	<a href="mailto:to@moi.no">to@moi.no</a>	950 12234
Tor Arne Liland, Tonstad	<a href="mailto:bmlilan@online.no">bmlilan@online.no</a>	976 78367
1. vara: Hildur Brøvig, Kristiansand	<a href="mailto:hildur.brovig@fkra.no">hildur.brovig@fkra.no</a>	950 20392
2. vara: Tor Arne Liland	<a href="mailto:bmlilan@online.no">bmlilan@online.no</a>	976 78367
3. vara: Kristin S. Eikeland, Marnardal	<a href="mailto:kristin.skranfjell@hotmail.com">kristin.skranfjell@hotmail.com</a>	959 45193

Mrk: Cathinka Jerkø fekk etter eige ønske fritak for vervet som medlem av fylkesstyret (sept. 2016) – fram til årsmøtet vert avvikla i 2017. Etter interne drøftinger vart det vedteke at Tor Arne Liland rykker opp til fast styrerepresentant, gjeldande for same periode.

## Representasjon og verv

Vest-Agder Bondelag har for styreåret 2016-2017 følgende fordeling av ansvarsområder og representasjoner:

- **Arbeidsutvalget:** Tor Erik Leland og Åge Gyland
- **Aksjonsleder, jordbruksforhandlingene:** Inger Liv R. Thoresen
- **Innovasjon Norge-styret i Agder** (avvikla juni): Åse Ingebjørg Flateland (A-A)
- **Flerbruksplan for Mandalsvassdraget:** Sjur Laudal
- **Referansegruppe vanndirektivet:** Finn Aasheim og Tor Erik Leland
- **HV's distriktsråd Agder og Rogaland:** Olav Lidtveit (A-A), vara: Tønnes Oksefjell (V-A)
- **Kulturlandskapsgruppa i Vest-Agder:** Inger Liv R. Thoresen, vara: Åge Gyland
- **Regional Miljøplangruppe:** Cathinka Jerkø, vara: Tor Erik Leland
- **Styret Landbrukets Samarbeidsråd Agder:** Tor Erik Leland, vara: Tønnes Oksefjell
- **Vest-Agder Landbruksselskap:** Tor Erik Leland, vara: Åge Gyland
- **Kontaktutvalget for Rovvilt i V-A:** Åge Gyland og Finn Aasheim
- **Samarbeidsutv. Bondelaget/Gjensidige:** Tønnes Oksefjell
- **Styret i Vest-Agder Bygdekvinneag:** Cathinka Jerkø, vara: Hildur Brøvig
- **Styret i Landbrukets Dag:** Inger Liv R. Thoresen
- **Setesdalsheiene:** Olav Lidtveit (A-A), Åge Gyland, vara
- **Rådgivende utvalg Oksøy-Ryvingen-Flekkfjord:** Åge Gyland, vara: Finn
- **Arbeidsgruppe økologisk landbruk:** Cathinka Jerkø, vara: Katrine H. Jarnes (A-A)
- **Kontaktperson mot "Inn på Tunet":** Anne Lill Roland
- **Lokalmatkontakt:** Anne Lill Roland
- **Kompetansenettverk for lokalmat sør:** Finn Aasheim, vara Olav Sande (R)
- **Verveansvarlig:** Tønnes Oksefjell

## Fylkeskontoret

Tilsette på Agderkontoret har i meldingsåret vore: organisasjonssjef *Finn Aasheim*, fyrstekonsulent *Turid Breistøl* – og rådgjevar *Øystein Moi*.



*Turid Breistøl har vore tilsett på Agderkontoret i meir enn 15 år. Det er denne jenta som med ei klår og venleg røyst, ynskjer deg velkomen når du stundom ringer til kontoret – eller om du berre svinger innom Gyldenløves gate for ein kopp kaffe og ei rask oppdatering på dei siste mjølkeprisane frå Tine. Turid he kontroll på det aller meste. Medlemsregisteret til Bondelaget, og rekneskapen til Bygdekvinnelaget, medrekna. (foto: øystein moi )*



*Grautfest og sosialt samvær på Agderkontoret like oppunder jolehøgtida. (foto: øystein moi )*

## Årsmøtet 2016

### Scandic Bystranda Hotell i Kristiansand

Aust-Agder Bondelag og Vest-Agder Bondelag skipa til årsmøte på Bystranda i Kristiansand. Kalenderen synte 15. mars – og åstaden var det flotte og moderne hotellet tett attmed den nye symjehallen.

I strålande vårsol, eit stutt steinkast frå både sandstrand og sørlandsk bølgeskvulp, var meir enn 60 utsendinger og gjestar samla til ting. (foto: øystein moi )



*Det var i grunnen berre stuttebuksene og solkremen som mangla - elles kunne dette vorte ein strålande dag på Bystranda i Kristiansand. 22 grader - og sumar i lufta. Inne i tingsalen var det lunt og godt. God stemning, berre triveleg folk - og ei saksliste som ikkje var altfor lang. Ein vellukka dag. (foto: øystein moi )*

Presis klokka 10:00 kunne organisasjonssjefen ved Agderkontoret, Finn Aasheim, ynskje møtelyden hjarteleg velkomen til årsmøte 2016.

Fyrste bolken av møtet vart skipa til som eit felles møte for dei to fylkeslaga.

Torbjörg Austrud, 1. vara til styret i Norges Bondelag, var hovudtalar på årsmøtet. Ho tok utgangspunkt i øveskrifta "Nytt næringspolitisk program 2016 - 2020." og det var etter kvart mange utsendinger som bad om å få låne mikrofonen etter hennar innlegg.

Austrud heldt eit godt og lett skjøneleg foredrag. Nyttig informasjon som vonleg kan vere godt for dei lokalt tillitsvalde å ha med seg i dokumentmappa i dagane frametter - i tida fram til jordbruksforhandlingene tek til.



*Mange takk til Torbjørg Austrud for stunda - og takk for velvalde ord om norsk landbrukspolitik. (foto: øystein moi )*

Fleire av utsendingane, og einssilde frå administrasjonen, vitja tidlegare i vinter den store internasjonale mat - og reiselivsmessa *Grüne Woche* i Berlin.

Katrine H. Jarnes, fast sete i fylkesstyret og drivar av Hesnes Gartneri i Grimstad, var sjølve med i delegasjonen til landbruksminister Jon Georg Dale då han vitja messa.

Katrine fortalde frå turen, og frå messa - medan organisasjonssjef Aasheim supplerte med levande fargebilete frå Berlin. På storskjerm.



*Etter at Birte Usland fekk tildelt fast sete kring langbordet hjå hovudstyret i Norges Bondelag er det ikkje så ofte me ser denne blide jenta på Agderkontoret. Denne dagen var ho sendebod frå hovudbølet i Schweigaardsgate 34 i Oslo. Birte bar med seg nyttig informasjon som me alle la oss på hjarta. Birte var i strålende humør, låtten ljoma i korridorane - det meste var som før. Birte medrekna. (foto: øystein moi )*



*Tor Erik Leland (bilete) held fram som fylkesleiar i Vest-Agder.*



*Den venesæle audnedølen, Søren Seland, styrer ordskiftet med eit vakent blick – og med ei stø hand. (foto: øystein moi )*



*Ikkje nokon i heile landet, vervar fleire nye medlemmer til bondelaget enn denne sirdølen - Tor Arne Liland. Kven som er mest stolt, prisutdelaren - eller prismottakaren - er vanskeleg å sjå ut frå bilete. Liland fortener så avgjort ein bugnande blomebukett og velfortent heider frå eit samla årsmøte. ( foto: øystein moi )*



*Soga seier at ein finn mange gilde og venesæle folk i Sirdal. Her er fjellfolket i vest representert med to flotte utsendinger. Gunn Siri Ousdal (lokallagsleiar) og Tor Arne Liland. (foto: øystein moi )*

## Styresaker

I 2016 ble det holdt 8 styremøter. Styret behandlet totalt 51 saker.

I arbeidsplanen var følgende punkter særlig prioriterte:

- Lokallagskontakt/opplæring tillitsvalgte
- Rovvilt
- Politisk arbeid, særlig i forhold til landbrukets betydning i et nødvendig ”grønt skifte”

## Jordbruksforhandlingene 2016

Også i 2016 leverte Vest-Agder Bondelag felles innspill med Aust-Agder Bondelag

Våre viktigste innspill før forhandlingene 2016 er:

- Mål om landbruk i hele landet og økt bruk av norske forressurser forutsetter økning av budsjettmidler. Det er kun budsjettmidler som kan brukes til å utjevne den store variasjonen i driftsforhold omkring i landet.
- Lønnsomhet i all landbruksproduksjon må økes og inntektsgapet mot andre grupper må søkes redusert. I et år der andre grupper vil ha svært moderate lønnsoppgjør kan jordbruket både være moderate og oppnå redusert inntektsgap uten store kostnader for staten.
- En ekstraordinær investeringspakke/investeringsstrategi finansiert utenfor ordinær ramme for jordbruksavtalen, for å nå mål om løsdrift innen 2024, forutsatt en tydelig strukturprofil.
- Øke produksjon på egne ressurser og styrke grovfôrandelen i melke- storfé- og småfeproduksjonene.
- Moderate målprisøkninger, noenlunde i takt med kostnadsøkninger.
- Videreføre og forbedre velferdsordningene. Mennesket er landbrukets viktigste ressurs og må tas godt vare på!
- Nylig skjerpning av inntektskrav for å få sjukeavløsning må reverseres.
- Sikre at omlegging av produksjonstilskuddsystemet ikke medfører uforutsette negative effekter, som f.eks ennå seinere utbetaling av avløsertilskudd.
- Øke produksjonen av storfekjøtt ved å satse på ”kombinasjonskua” og styrke virkemidler som stimulerer til bruk av norske fôrressurser i storfekjøttproduksjonen.
- Styrke lønnsomhet i de mindre sauebrukene, for å sikre spredt bruk av utmarksressursene, ivareta kulturlandskapet og opprettholde viktige fagmiljøer.
- Styrke lønnsomheten og bidra til økt markedsandel for norskproduserte grønnsaker, poteter, frukt og bær.
- Innføre et ”driftsulempetilskudd” i planteproduksjonen (gras/korn), i tråd med Agri Analyses (m.fl.) anbefalinger, for å sikre bruk av viktige, men marginale jordressurser.
- Øke og legge om tilskudd til drenering. Både som et viktig klimatiltak og for å øke arealproduktiviteten både i gras- og kornproduksjon.
- Videreføre og styrke fraktordningene for å sikre en effektiv ressursutnyttelse og et landbruk over hele landet. Innfraktsordningen i PU må ikke svekkes!
- Det må ikke gjøres ytterligere irreversible endringer i kvote- eller konsesjonsgrenseordningene.

- Øke FoU-innsatsen innfor grønn sektor, både for å sikre landbrukets muligheter i det grønne skiftet og for bedre å kunne håndtere de utfordringer som klimaendringer, både internasjonalt og nasjonalt vil medføre.
- Et økende rovviltrykk (ulv) er i dag største trussel mot sauenæringa i store deler av Agderfylkene. En skjerpet rovdyrpolitikk er påkrevet.
- Vi opplever foreslåtte endringer i eiendoms politikken som en trussel mot utnyttelsen av våre begrensede jordressurser. Jordvernet i Norge må styrkes, ikke svekkes.
- Bidra til ytterligere løft i birøktermiljøet ved å øke kubetilskuddet og gi arealtilskudd til dyrking av ”fôrplanter” for bier.
- Sikre pelsdyrnæringa ved å opprettholde avløserordningen og støtte sertifiseringsordningen.

(Hele uttalen er tilgjengelig på Agderkonteret.)

## Andre avtale med Solbergregjeringen

Etter brudd og aksjoner i 2014, og et oppgjør der store bruk ble tydelig prioritert, skrev Bondelaget under på en avtale i 2015.

Etter forhandlingene i mai 2016, som denne gang gikk langt på overtid, signerte Bondelaget på ny en avtale.

Avtalen innebar en forhandlingsgevinst, i forhold til statens tilbud, på kr 260 mill., og endte med en ramme på 350 mill.

I slutfasen av forhandlingen fikk vi styrket budsjettmidler på 100 mill. som medvirket til å utjevne negative inntektsutslag på mindre og mellomstore bruk. Staten kom også i siste øyeblikk med forslag om utsettelse av løsdriftskravet fra 2024 til 2034.

Under sterk tvil signerte Bondelaget, mens Småbrukerlaget brøt.

## Andre styresaker

### Rovdyr

2016 ble et roligere år i Vest-Agder. 16 søknader om erstatning på i alt 407 sau/lam ble registrert. Kun 21 dyr ble erstattet, med til sammen ca. kr. 53.000,- mot kr. 739.000,- året før. Lav erstatningsprosent. Både ulv og ørn gjorde skade.

Det ble, fra 1. oktober 2016 åpnet for lisensjakt på 3 ulv i region 1, som også dekker fylkene Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vest-Agder Bondelag følger rovviltsaken nøye og har tett kontakt med Rovviltneemd, SNO og fylkesmannen.

### Arendalsuka

Også i 2016 arrangerte Norges Bondelag, Norske Felleskjøp og AgriAnalyse seminar i Arendal. Denne gang temaet eiendomsregelverket. Der deltok, blant andre, de fleste stortingsrepresentantene fra Næringskomiteen. Agderkontoret og tillitsvalgte var til stede, og synlige, på en rekke andre arrangementer.

### Audnedalsrapporten

Etter en ide i Audnedal Bondelag engasjerte fylkeslaget AgriAnalyse v/Anne Bungler til å regne på om Audnedal kommune ville få bedre avkastning på innestående kraftfondmidler ved å gi rentefrie lån til bønder som investerte i nybygg/oppgradering av driftsbygninger for melk, enn om de stod som verdipapirer med ca 4 % rente. Notatet fra AgriAnalyse viser at kommunen, ved å sikre fortsatt levedyktige melkeproduksjoner i kommunen, ville få god

avkastning fra slik kapital. Særlig om de fleste innsatsfaktorene (grunnarbeid, snekker, materialer) ble kjøpt av leverandører i kommunen.

## **Ny Stortingsmelding om jordbruket og Stortingsvalg 2017**

9. desember 2016 leverte statsråd Dale (Frp) en lenge varslet ny stortingsmelding om jordbruket. Meldingen ble av Bondelaget karakterisert som «et angrep fra alle kanter». Slutten av 2016 og begynnelsen av 2017 er derfor preget av økt politisk arbeid, med mål om at et bredt flertall i Næringskomiteen både vil stoppe de fleste forslagene i meldingen og bidra til å peke ut en positiv kurs for et bærekraftig, lønnsomt jordbruk i Norge der også små og mellomstore bruk fortsatt kan bidra til fornuftig utnyttelse av landets samlede jord- og beiteressurser.

I september 2017 er det nytt stortingsvalg. Bondelaget har lagt vekt på å gi tidlige innspill til de forskjellige partienes programarbeid.

Høsten 2016 har vi i Agder gjennomført gode «programmøter» med Sp, Høyre, Krf, Ap og Venstre.

### **Annet:**

- Støttet Vest-Agder Nei til EU med kr. 10.000,-
- Gitt innspill på kandidater til NB's faste utvalg
- Gitt innspill til NB's valgkomité
- Gitt innspill på kandidater til Bygdeutviklingsprisen
- Bevilget "Aktive lokallagsmidler" til 14 lokallag. Til sammen kr. 70.000,-
- Gitt innspill til NB's innspill til ny stortingsmelding om jordbruket
- Gitt innspill til NB's nytt Næringspolitiske program
- Testa forsilfri rundballeplast i forb. med samarbeidsprosjekt med ZERO
- Gitt Landbrukets Dag SA ytterligere tre års utsettelse på tilbakebetaling av lån
- Deltatt i strategiarbeid i Landbrukets Dag SA
- Gitt innspill til opprettelse av et mulig Grovfôrutvalg i NB
- Forsøkt å arrangere inspirasjonsmøte i forbindelse med Økouka. Avlyst pga. liten påmelding.
- Gitt innspill til NB og fylkesmannen om endringsforslag veterinære vaktordninger
- Gitt innspill til NB om regjeringens forslag til endringer i konsesjonslovverket
- Møtt Gjensidiges representanter i Agder for å revitalisere samarbeidet
- Hatt mange leserinnlegg og kronikker i lokale og regionale medier

## Felles styremøte på Agder

Dei to fylkesstyra på Agder plar kvart einaste år skipe til eit felles styremøte med tilhøyrande sosialt samvær - ein eller annan stad i røystekrinsen. I år var det Aust-Agder Bondelag som var vertskap. Turen gjekk til Lyngør, ei øygruppe ytst i havgapet mellom Tvedestrand og Risør. Knut Helmer Feltstykket var både båtførar og turopertør. Det vart eit minnerikt døger i eit fantastisk naturlandskap. Ei naturoppleving me seint vil gløyme.



*Fyrste stopp på turen var på Landbrukskulen på Holt. Her fekk dei to fylkesstyra eit verdfullt møte med den øvste leiinga ved skulen - og ikkje minst vat det sett av rikeleg med tid til ei omvisning i det nye mjølkefjoset på skulen. ( foto: øystein moi )*



*Sjølvrøynde fylkesstyremedlemmer, og dugande gardbrukarar, vert som små born att når dei vert plassert i ein splitter ny kalvebinge. Åge Gyland og Inger Liv R. Thoresen er flotte ambassadørar for landbruket på Agder. Gilde folk på alle vis.( foto: øystein moi*



*Motiv frå Lyngør (Foto: øystein moi)*



*Motiv frå Lyngør (Foto: øystein moi)*



*Motiv frå Lyngør (foto: øystein moi)*



*Så vil me nytte høvet til å takke Knut Helmer for ein himlande gild og lærerik tur. Dugeleg med fagleg påfyll. Vitjing i fjaset på Holt, vitjing hjå ein grisebonde i Tvedestrand, nærkontakt med villsauar på Lyngør, orientering om kulturlandskapspleie på den "ytterste nøgne ø" - og eit langt styremøte på dag nr to. Den siste bolken, i tingsalen på hotellet, lyt rett nok organisasjonssjef Aasheim få all heider og ære for. (foto: øystein moi )*

## Grüne Woche 2016 og 2017

Den årvisse mat - og reiselivsmessa Grüne Woche, i Berlin, er no historie. Ein stor delegasjon matprodusentar og landbruksvenner frå heile Sørlandet var tilstades på messa.. Ei messe så stor, så imponerende - og så omfattande at ein knapt trur kva ein ser.



Foto: øystein moi

Etter tre lange og strevsame dagar inne på messeområdet hadde ein truleg ikkje vitja meir enn snaut halvparten av utstillarane. Det var beint fram ikkje mogleg å få med seg alt. Korkje føtene, hovudet eller meltingsorgana er laga for ei slik påkjenning.

Her var nasjonale rettar, med tilhøyrande drikke, frå meir enn 70 ulike land på kloda. Mat, kultur og reiseliv, hand - i hand. Den norske "paviljongen" var umåteleg populær blant skodelystne matelskarar frå heile verda. Her serverte dei m.a. elgpylse frå austlandet, smør frå Setesdal, lefser fra Bjåen, øl frå Grimstad - og sjølvsagt kilovis med den vidgjetne Jarlsbergosten.

Arrangørane rekna med at meir enn ein halv million mennesk vitja messa i løpet av veka. Blant desse fann me altså ein gjeng ihuga og stolte matprodusentar med postadresse på Sørlandet. Her såg me og kjende andlet frå det politiske miljøet på Stortinget - og me såg personar med viktige posisjonar i det norske næringslivet.

Vonleg reiste dei alle heim, gode og mette, og heilt øvetydde om at matproduksjon framleis er den aller viktigaste næringa ein kan drive med.

Norsk matproduksjon kan gå framtida ljost i møte. Lefser frå Bjåen, stutekjøt frå Gjerstad, poteter frå Søgne - og smør frå Moisund vil framleis vere etterspurd øve store delar av verda. 500 000 vitjande på Grüne Woche 2016 ber bod om nettopp dette.

## Leiarmøte 2016

### Då jærbruar og setesdølar møttes til ting

Den eldste busetjinga i Rogaland kan mykje truleg sporast attende til fjelltraktene i Ryfylke for meir enn 7000 år sidan. I grenselandet mot både Sirdal og Setesdal levde dette hardt arbeidande fjellfolket i tett kontakt med skaparverket - og i tett kontakt med grannefolket i aust. Slik er det framleis. Jamvel i dag møtast jærbonden- og setesdølen til felles sauesanking i Setesdal vesthei. Eit viktig - og heilt avgjerande samspel på tvers av etniske, kulturelle og religiøse skiljeliner. Siste veka i oktober vart det skipa til felles ting mellom dei to bondehærane. Frå Rogaland - og frå Agder. Nøyaktig 1144 år etter slaget ved Hafrsfjord.

Tidleg torsdag morgon, den 27.oktober, rulla ein moderne turistbuss, tilhøyrande rutebilselskapet Risdal Touring, inn på haldeplassen på Harebakken i Arendal. Fyrst ombord i bussen var fylkesleiaren i Aust-Agder Bondelag, Erik Fløystad. Snart kom dei sigande fram frå både Froland, Birkeland, Lillesand og Åraksbø.

Då me noko seinare på føremiddagen passerte Flekkefjord, hadde 47 bondevener frå heile Agder funne sin tildelte plass inne i rutebilen.

Målet var Stavanger, og for fyrste gong i moderne tid vart det skipa til felles leiarmøte for fylkesbondelaga i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Etter to spanande og lærerike dagar i tingsalen vart det heile avslutta med ei lang og triveleg økt på den store landbruksmessa Agrovisjon 2016



*Det er sjølvstakt ein omfattande kabal som skal løysast når 47 personar skal få nøkel til kvart sitt rom. Dei tilsette på hotellet var godt førebudd. Det heile gjekk himla greit.*

*(foto: øystein moi )*



*Ein himlande triveleg kar. Halvard Forgard er lokallagsleiar for Bondelaget i Åseral. Han såg ut til å trivast på bondeting i Stavanger. (foto: øystein moi )*



*Fire mektige menn. F.v. Tor Erik Leland ( fylkesleiar V.A. ) - Erik Fløystad ( fylkesleiar A.A )  
- Lars Petter Bartnes ( Leiar av Norges Bondelag ) og Ole Andreas Byrkjedal ( leiar av Rogaland Bondelag. ) foto: øystein moi*



*To organisasjonssjefar - kvart sitt fylke. Kvar sin røystekrins. Olav Sande og Finn Aasheim var baa to samde om at felles leiarmøte mellom Agder og Rogaland var ei god løysing. (foto: øystein moi )*



*Plent som på ein rockekonsert på Telenor Arena. Alle tok "selfie" frå tingsalen. Leiarmøtene i Bondelaget er meir populære enn nokon gong. Slik såg det ut då Finn Aasheim reiste seg og tala til møtelyden. (foto: øystein moi )*

## Gratulerer så mykje til Kari og Sjur

Innovasjon Norge deler kvart år ut bedriftsutviklingsprisen i landbruket (tidlegare Bygdeutviklingsprisen). Det vert kåra ein vinnar i kvart fylke som får 50 000 kroner. Vinnarane deltek i konkurransen om den nasjonale prisen som er på 250 000 kroner. Dette året hamna det gjeve heidersteiknet i Marnardal. Det er beint fram 6. gong bedriftsutviklingsprisen / BU-prisen hamnar i denne kommunen. Eit klårt teikn på at næringslivet i Marnardal blømer som aldri før.



*Foto: Inger Liv Røyter Thoresen.*

Det er aktive, sær s dugande - og på mange måtar tradisjonelle bønder som no vert heidra med denne høgthengjande næringslivsprisen i Vest-Agder.

Sjur og Kari Lauvdal driv med mjølk - og slaktegrisproduksjon heime på garden i Marnardal. Ei moderne og veldreven verksemd.

Dei er båe to svært aktive som medlemmer - og ikkje minst som tillitsvalde i fleire av landbrukets organisasjonar. Sjur Lauvdal er m.a. leiar av Marnardal Bondelag.

Tilstades på den høgtidelege prisutdelinga var m.a. representantar frå Tine, Nortura, Bondelaget, landbrukskontoret - ja sjølvaste dyrlækjaren i bygda fann seg ein ledig stol kring langbordet. Det var altså mange som ynskte å heidre Kari og Sjur på den store dagen. Den gilde kvelden.

## Naturligvis 2016

På tradisjonelt vis vart landbruk – og matmessa «Naturligvis» skipa til i nordre leir på Evjemoen. I dagane 12. – 14. august var meir enn 10 000 gjestar innanfor portane. Sjølv om vergudane ikkje var heilt på arrangørane si side denne helga – så er likevel tilbakemeldingene positive frå både publikum og utstillarar.

Bondelaget var representert med eigen stand – og var som vanleg godt representert blant ihuga dugnadsfolk heile veka.



*Han kom heilt frå Øyslebø. (foto: øystein moi )*



*Heidi, frå Spisekroken på Evje, serverte fersk og stutteist stomp av aller beste slag. (foto: øystein moi )*



*Ein feiande flott bukett med ihuga bygdekvinner. Staslege jenter - sjølve grunnfjellet i den norske bygdekulturen. (foto: øystein moi )*



*Foto: øystein moi*



*Etterspurd vare. Moreller frå Høgetveit. (foto: øystein moi)*

## Sørlandssamlinga 2017



*Mykje fintfolk gjesta Sørlandssamlinga denne helga, tidleg i januar. Gro Anita Mykjåland er ordførar i Iveland kommune – og ho er listetopp for Aust-Agder Senterparti ved kommunevalet til hausten. Ole Magne Omdal har vore ordførar i Iveland – og han er listetopp for Senterpartiet i Vest-Agder. ( foto: øystein moi )*

Med ny deltakerrekord, meir enn 350 gjester tilstades, kan ein utan atterhald slå fast at Sørlandssamlinga 2017 vart ein stor suksess.

Arrangørane hadde spikra i hop eit spanande og lærerikt program, og publikum såg ut til å trivast storvegs. Det var berre skryt og gode ord å høyre medan møtelyden med jamne mellomrom tok seg ei velfortent pause og forsynte seg av både kaffe, kringle og skuffekake.

Ordstyrar og møteleiar var som vanleg den høgst talføre grisebonden frå Søgne, Jon Leif Eikaas. Med godt humør, freske fråspark og frekke kommentarar styrte han møtelyden med stø hand.

Av populære innslag på fredagen kan ein nemne eit framifrå foredrag av leiaren i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes. Han gjekk grundig gjennom den nye jordbruksmeldinga som regjeringa nyleg hadde sendt ut på høyring.

Bartnes talte med alvor i røysta og minna tilhøyrarane, meir enn 300 i talet, om at dette er ei melding som på mange måtar gjeng til åtak på heile det norske landbruket – frå alle kantar. Alvoret seig inn i storsalen på Thon Hotell. Mange sat med tome blick. Ingen sa noko. Det vart brått tid for ettertanke.

Møtelyden seig langsamt – og varsomt ut or tingsalen. Dei flokka seg kring kaffeautomatane. Klare til kamp. Framleis med tru på ei ljósande framtid for landbruket på Agder.

Gilde folk.

Det vart noko mindre alvorleg, det vart meir latter i salen, då den vidgjetne kokken Arne Brimi slapp til framføre mikrofonen. Han tala m.a. om kva norske råvarer betyr for restaurangbransjen, for hotellnæringa – og for folk flest. Ein inspirator, ein fagmann og ein kåsør i ein heilt eigen divisjon.

Fredagen vart avslutta med festmiddag på hotellet. Her vart mellom anna «Mi har det greit – prisen» delt ut til Ole og May Britt Helle frå Kvinesdal. Kulturlandskapsprisen for Vest-Agder vart tildelt Wenche og Terje Mølland frå Øvrebø. Neste dag vart det skipa til fagmøter – og fagsamlinger av ulike slag.



*Storingsmannen frå Kvinesdal, Odd Omland, var ein omtykt foredragshaldar på Sørlandssamlinga. Røysta var klår. Bodskapen var klår. Ein usminka og ærleg politikar med gode vener på tvers av kommunegrensene - og på tvers av partigrensene. ( foto: øystein moi )*



*Det var ekteparet Ole og May Britt Helle som fekk den høgthengjande "Mi har det greit - prisen" på Sørlandssamlinga på fredagskvelden. Vel fortent i fylgje omkvervet hjå den rekordstore møtelyden. (foto: finn aasheim )*

Frå grunngjevinga i samband med prisutdelinga skriv juryen slik:

" Man blir alltid godt mottatt på tunet. Vinnerne er stolte produsenter. Har en forsiktig og lun framferd. Stor melk - og kjøttprodusent på Agder. Et viktig "tilleggsbein" er videreforedling av skog på egen sag - og egen høvel. Bygde i 2011 ny driftsbygning med trevirke fra egen skog. Bruket gir i dag godt økonomisk utbytte og drives på en bærekraftig måte."

## **-Det er krevende, men dette skal vi greie!**

Landbruks- og matminister Jon Georg Dale besøkte Agderlandbruket et par dager i slutten av mai. Sitatet i tittelen kom fra statsråden da NRK intervjuet ham midt i hotellfrokosten, og var hans foreløpige, og ganske presise, inntrykk av Agderbonden.

Statsråden fikk oppleve stor variasjon på sine to dager i Agder. Ruta var omtrent slik:

Mandag: Mindre melkebruk i Iveland (Ole Espen Honnemyr), større sau og storfeproduksjon i Hornnes (Sven Reiersen), beitesamarbeid i Audnedal og større melke- /storfeproduksjon /JDD Maskin i Marnardal (Åshild og Johan Dag Drange).

Tirsdag: Lite melkebruk m. egenprodusert ost (og nedlagt økologisk eggproduksjon...) i Birkenes (Jørn Martinsen/Tjamsland Gård), moderne bærproduksjon og tidligpotet i Reddal (Jon Gaute Lunden, Aanon Midtstue og Gurine Seland/Reddal Fellespakkeri), storsatsing på honning (og blåbær) på Lia (Knut Lia m.fam!) i Grimstad og planteproduksjon på Grimstad planteskole.

Det var en lyttende og interessert minister som fikk høre klare og tydelige budskap fra Agderbøndene. Sitatet i overskriften er nok riktig oppfattet. Om minsteren skal huske noe fra sitt besøk så er nok stikkordene, små skifter, nytte egne ressurser, optimisme på lang sikt og pågangsmot på kort sikt ganske dekkende.



*Statsråd Dale, nestleder i Vest-Agder Bondelag, Åge Gyland og Åshild Drange (Marnardal)*

## Landbrukspolitisk våronn

Vest-Agder Bondelag inviterte sentrale politikarar frå heile fylket til "Landbrukspolitisk våronn." Åstaden var Søgne videregående skole - eller Landbruksskulen i Søgne som det heiter i dagleg tale. Bygdekvinnelaget serverte rjomegraut og spekepylse medan fylkesleiar Leland minna møtelyden på at tida snart er mogen for dei årvisse jordbruksforhandlingene.



*Eit sikkert vårteikn. Desse to flotte jentene er elevar på Søgne v.g.s. og hadde denne dagen vakt i sauefjoset. (foto: øystein moi)*



*Fylkesleiareren i Vest-Agder Bygdekvinnelag, Anne Lill Fjell Roland, sytte for at møtelyden fekk servert eit smakfullt måltid på grasvollen framføre skulestova. Denne gilde jenta er vidgjeten øve store delar av Agder som ein framifrå og sær s dugande matkunstnar. (foto: øystein moi)*

## Fjerna søppel og rundballeplast

Frå truverdige kjelder fær me opplyst at så mykje som 35 000 meter med rundballeplast kan ha tilsulka strendene og vassdraget kring Lygna i fjor haust. Ekstremværet "Synne"la frå seg mykje søppel og skrot då det passerte Sørlandet. No er det tid for opprydding. Laurdag føremiddag møtte ein solid dugnadsgjeng opp ved Kvåsfosen.



*Foto: Tor Erik Leland*

Meir enn 30 personar møtte opp på dugnaden og fylkesleiaren i Bondelaget, Tor Erik Leland, ynskjer å rette ein stor takk til m.a. deltakarar frå *Jeger & Fisk* - og medlemmer av det lokale *Elveigarlaget*.

Alle gjorde ein framifrå innsats med å rydde opp etter den lokale "Synnefloden."

Høg vassføring i Lygna no om dagen gjer at ein truleg må annonsere ein ny ryddedag noke seinare på våren. Det var nemleg ikkje alle stader ryddegjengen kunne take seg fram denne kalde og regnfulle laurdagen i april.



*Mykje rart å finne i strandsona attmed Lygna. Ikkje berre rundballeplast. Medlemmer av det lokale Bondelaget gjorde ein framifrå innsats.*

## Årets lokallag i Vest-Agder



*Audnedal Bondelag, her representert ved Gunn Elise Helle, mottok heidersteiknet for beste lokallag. Prisutdelarar var både leiar – og nestleiar i Vest-Agder Bondelag. Tor Erik Leland (t.v.) – og Åge Gyland. (foto:finn aasheim)*

## Skattekurset 2016

Det var eit strålende vinterver som møtte dei 75 skarpskodde rekneskapsfolka som denne morgonen sjekka inn på hotellet på Bystranda i Kristiansand. Eit par kuldegradar, sol frå ein skyfri himmelkvelv - og fri sikt omtrent til Danmark. På timeplanen framføre seg på bordplata kunne deltakarane sjå eit omfattande og spanande program, gjeldande for Skattekurset 2016.



*Slik var stoda i tingsalen i god tid før skattekurset vart offisielt opna. Dei såg ut til å ha full kontroll, og vel så det, arrangørane frå Agderkontoret. Turid Breistøl og Finn Aasheim. ( mobilfoto: øystein moi )*

I løpet av dei to dagane kurset varer, torsdag og fredag, skal deltakarane gjennom eit svært omfattande program. Ein kan m.a. nemne *lov og forskriftsendringer, skattepolitikk og skattefaglege avklåringar, bilbeskatning, pensjons - og trygderettigheter for næringsdrivande* - og sjølvsagt ein kraftig bolc med orientering kring *statsbudsjettet 2016*.



*Advokatfullmektig hjå Norges Bondelag, Marianne Imerslund, var fyrst av alle på talarstolen. Ho forretta om skatte - og avgiftsopplegget for 2016, med hovudvekt på lover og forskriftsendringer med tilhøyrande , og aktuelle dommer og uttalelser. (mobilfoto: øystein moi)*



*Dei såg ut til å trivast godt i sjøkanten i Kristiansand. Både åsdølar, mandalsfolk, ein gut frå Evje - og ein venesæl gjeng frå Åmli. ( mobilfoto: øystein moi )*



*Turid Breistøl, tilsett ved Agderkontoret, legg ned eit himla arbeid i samband med det årvisse skattekurset. Alle skal ha varm mat, nok mat, ei oppreidd seng - vatn i dusjen og eit oppdatert kompendium på det som omhandlar lover og regler for rekneskapsføring i landbruket. Skattekurset i regi av Norges Bondelag er umåteleg populære - og Turid er så avgjort ein av dei som skal ha både ros og heiderleg omtale når det gjeld gjennomføring av skattekurset.  
(mobilfoto: øystein moi)*



*... og det var ingen som våga å klage på korkje veret - eller på utsikten frå tingsalen.  
(foto: øystein moi)*



*Foto: øystein moi*



*Vangsgutane. Ole Magne og Gunnar. Ein stillfaren protest mot den nye jordbruksmeldinga  
(foto: finn aasheim )*



*Gode ambassadørar for landbruket i Vest-Agder. Gunn Elise Helle og Odd Arild Eikeland.  
Varme smil og godt humør er til god hjelp i ein travel kvardag. Hjø folk flest.*



*Foto: øystein moi*

## Vårens vakraste eventyr



*Foto: øystein moi*

## Lokallagene pr. 31.12.16:

Lokallag	Lokallagsleder	Telefon	e-post adresse
Kristiansand	Gunnar Hangeland	95042112	gunnar.hangeland@vabb.no
Mandal	Tom Rune Gundersen	90525809	Tom.rune.gundersen@mandal.kommune.no
Lista og Lyngdal	Geir Arild Nilsen	95247818	g-anils@online.no
Nes	Ole Reidar Skailand	91300887	Ol-reida@online.no
Flekkefjord	Frank E. Gustafsson	97629878	Espen_gustafsson@hotmail.com
Vennesla	Alv Vinjerui	90164246	alvvinjerui@gmail.com
Songdalen	Nils Einar Kleveland	91580515	n-kle@online.no
Søgne	Jørund Try	38167655/ 48608137	jordundtry@hotmail.com
Marnardal	Sjur Laudal	38286140 97534482	sjurlauvdal@hotmail.no
Åseral	Halvard Forgard	95991230	h_forgard@hotmail.com
Audnedal	Tom Kåre Eikeland	48104099	Tk.eikeland@kvs-lyngdal.no
Lindesnes	Andreas Nøkland	91773928	andreasnokland@hotmail.com
Hægebostad	Helge Verdal	95305668	hverdal@live.no
Kvinesdal	Ivar Kvinlaug	90952613	Ivarkvinlaug@gmail.com
Sirdal	Åse Bente Sinnes	93851046	aasebe@hotmail.com



*Ivar Kvinlaug held fram som leiar i Kvinesdal Bondelag. Ein aktiv kar med lang fartstid i ulike lag og organisasjonar. Både lokal, nasjonal – og internasjonal røynsle frå primærnæringa. ( foto: øystein moi )*



*Båe vil vonleg gjere eit stort og viktig lyft for landbruket i Vest-Agder. Dei vil likevel gjere det på kvar sin måte. Stortingsrepresentant Ingunn Foss (H) – og bondelagsleiar Tor Erik Leland.*



*Bondelaget er ofte tilstades når store lokale, og nasjonale, hendinger skal markerast. Alltid med ein flott blomekvast i bakhånda. Det er strevsamt å vere org.sjef. (foto: øystein moi)*

## Medlemstallet i lokallagene i 2016:

For å bli registrert som medlem i Norges Bondelag må man betale kontingent etter de vedtak som Norges Bondelags årsmøte fatter. Medlemstallet i lokallagene nedenfor gjelder for betalende medlemmer.

I Vest-Agder i 2016 var det en medlemsøkning på 37 stk medlemmer.

Lag	medl.tall 31.12.2015	medl.tall 31.12.16	pluss/ minus
Kristiansand	80	108	28
Mandal	68	70	2
Lista / Lyngdal	168	176	8
Nes	22	23	1
Flekkefjord	62	53	-9
Vennesla	90	90	0
Songdalen	109	110	1
Søgne	50	55	5
Marnardal	104	106	2
Åseral	47	47	0
Audnedal	70	67	-3
Lindesnes	73	72	-1
Hægebostad	60	58	-2
Kvinesdal	78	80	2
Sirdal	88	91	3
<b>Sum</b>	<b>1169</b>	<b>1206</b>	<b>37</b>

## Hilsen fra Vest-Agder Bygdekvinnelag

Så er et nytt år gått, og jeg har hatt en fin tid sammen med Vest-Agder Bondelag. 2016 begynte med en uforglemmelig tur til Grüne Woche i Berlin sammen med en fin gjeng fra begge Agderfylkene. Vi hadde noen opplevelserike dager der nede og fikk virkelig se hva våre fylker kan by på av lokal og kortreist mat, og satt sammen til de nydeligste retter. En opplevelse for livet.

Utover året har vi hatt gode møter og et godt samarbeide. Mange avgjørelser er blitt tatt og vi har gitt uttalelser til flere saker. Den måten som jeg som Bygdekvinnelagets representant blir inkludert på setter jeg uendelig stor pris på, og takker for det.

Jeg vil takke for det gode samarbeide og ser fram til flere interessante diskusjoner og ønsker Vest-Agder Bondelag lykke til med videre arbeide i framtiden.

Anne-Lill Fjell Roland, leder Vest-Agder Bondelag



*Anne Lill F. Roland (foto: øystein moi )*

## Regnskap

<b>Regnskap for Vest-Agder Bondelag 2016</b>				
<b>Driftsinntekter</b>		<b>R 2016</b>	<b>Budsjett 16</b>	<b>R 2015</b>
3930	Rammebevilgning	485 000,00	480 000,00	475 100,00
3930	Refusjoner andre org/prosjektinntekter.	-	15 000,00	-
3932	Refusjoner opplæring og tilskudd fra NB	67 000,00	65 000,00	65 000,00
3140	Annonseinntekter	10 000,00	15 000,00	8 400,00
3933	Aktive lokallagsmidler	70 382,00	66 000,00	69 490,00
3931	Fylkesleders budsjett	246 000,00	245 000,00	241 000,00
3130	Andre avgiftsfrie inntekter	13 787,86	-	11 699,68
<b>Sum inntekter</b>		<b>892 769,86</b>	<b>886 000,00</b>	<b>870 589,68</b>
<b>Kontorutgifter</b>		<b>R 2016</b>	<b>Budsjett 16</b>	<b>R 2015</b>
7751	Andre kontorkostnader	2 833,50	6 000,00	2 315,72
7751	Kostnader, porto/frakt	93,00	-	143,00
7751	Støtteannonser, materiell	13 096,00	-	10 929,25
		<b>16 022,50</b>	<b>6 000,00</b>	<b>13 387,97</b>
<b>Styrentgifter</b>		<b>R 2016</b>	<b>Budsjett 16</b>	<b>R 2015</b>
7760	Arbeidsgiveravgift	18 852,18	25 000,00	25 886,19
7760	Møtegodtgjørelse	130 201,60	180 000,00	183 000,00
7753	Fylkesleders budsjett	246 000,00	245 000,00	241 000,00
7753	Aktivitetstilskudd leder	14 667,64	50 000,00	34 335,81
7760	Diverse, gaver	-	2 000,00	600,00
7760	Reisegodtgjørelse	21 440,80	45 000,00	51 516,90
7760	Møteutgifter	25 771,27	25 000,00	23 631,12
7760	Billetter/refusjon reiseutgifter	13 536,90	15 000,00	2 588,00
<b>Sum styrentgifter</b>		<b>470 470,39</b>	<b>587 000,00</b>	<b>562 558,02</b>
<b>Møteutgifter og informasjon</b>		<b>R 2016</b>	<b>Budsjett 16</b>	<b>R 2015</b>
7755	Opplæring av tillitsvalgte	53 533,86	80 000,00	122 046,20
7756	Årsmøte	29 565,75	50 000,00	33 146,64
7757	Ledermøte	60 513,85	35 000,00	94 171,95
7758	Andre møter	32 745,09	52 000,00	14 557,51
7761	Valgnemnd	7 344,14	15 000,00	17 211,10
7764	Informasjon	128,00	-	410,00
7765	Aktive lokallagsmidler	71 148,69	66 000,00	69 500,00
7766	Naturligvis Messa stand	5 690,50	-	9 674,50
<b>Sum møteutgifter og informasjon</b>		<b>260 669,88</b>	<b>298 000,00</b>	<b>360 717,90</b>
<b>Sum utgifter i alt</b>		<b>747 162,77</b>	<b>891 000,00</b>	<b>936 663,89</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>145 607,09</b>	<b>-5 000,00</b>	<b>-66 074,21</b>
<b>Finanskostnader</b>		<b>R 2016</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>R 2015</b>
8050	Renteinntekter	11 527,05	25 000,00	3 700,22
7770	Gebyrer	-267,75	-	-125,00
7720	Gaver og bevilgninger	-26 298,00	-20 000,00	-14 204,00
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-15 038,70</b>	<b>5 000,00</b>	<b>-10 628,78</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>130 568,39</b>	<b>-</b>	<b>-76 702,99</b>

## Forenklet Balanseregnskap

<b>Egenkapital</b>		<b>2016</b>	<b>2015</b>
2050	Egenkapital pr 31.12.15	909 530,31	986 233,30
8800	Årsresultat	130 568,39	-76 702,99
<b>Sum egenkapital per 31.12.16</b>		<b>1 040 098,70</b>	<b>909 530,31</b>

### **Noter:**

#### **Driftsinntekter**

Konto 3190 -tilskudd fra NB på kr 11.000,- til verveaksjonen vår.

Konto 3992 - Tilskudd opplæring fra NB,kostnadene er ført på avd 7755

Konto 3993 - Aktive lokallagsmidler fra NB,kostnadene er ført på avd 7765

Konto 3991 - Fylkesleders budsjett 2016, går mot postene på avd 7753 som står

under overskrift Styreutgifter

#### **Kontorutgifter**

Avd 7751 - annonse i Landbrukstjenester Sør og profileringstøy fra Norges Bondelag

#### **Styreutgifter**

Avd 7753 - Posten fylkesledersbudsjett går mot inntektsposten med samme navn.

#### **Møteutgifter og informasjon**

Avd 7755 - Opplæring av tillitsvalgte. Inntektsposten er kt 3992.

Deltakere fra styret på Samvirkekonferansen og Mat og Landbrukskonferansen.

Avd 7756- Årsmøte. Hotellutgifter,mat og reisekostnader på utsendingene fra lokallaga.

Avd 7757 - Leder møte. Kostnadene er hotell, mat og reiseutgifter til Stavanger Agri konferansen.

Avd 7758 - Andre møter.Foredragsholder på Audnedalmøte og Audnedal notat.

Avd.7765 - Aktive lokallagsmidler. Inntektsposten er kt 3993 Aktive lokallagsmidler.

Avd 7766 - Naturligvis Messa. Div materiell til standen og annonsering.

#### **Finanskostnader**

Konto 8050 - Renter Landkreditt

Konto 7720- Bevilgninger: Nei til EU i VA kr 10.000,-, 4H kr 4.000,-


Støtte til VABK sitt årsmøte i Lyngdal kr 5.000,- ,prosjekttilskudd til Inn på Tunet kr 5.000,-

Støtte til misjonsløp KVS Lyngdal kr 1.000,-

#### **Forenklet Balanseregnskap**

Konto 2050- Egenkapital. Av dette er 50.000 lån til Landbrukets Dag SA.

Lånet til Landbrukets Dag SA er forlenget til 2019.



*Ja du skal vere helt våken, og vel så det, hvis du skal sette opp - og forstå de rette regnskapstallene for Vest-Agder Bondelag.(foto: øystein moi)*



## Kvifor skal eg vere eigar av TINE-samvirket?

- Eit samvirke som arbeider for høgast mogleg mjølkepris.
- Trygg og føreseieleg avsetnad av mjølka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverknad vidare i verdikjeda.

Saman skapar vi ekte matopplevingar folk vil ha!



# Mye er likt, men ikke alt



Foto Rune Berildsen / Studio B13

Målsettingen hos oss og våre konkurrenter er den samme. Best mulig økonomi til eierne. I Nortura er det bonden som er eier.




**EN LØNNSOM  
PARTNER!**



**Felleskjøpet Rogaland Agder**

fkra.no



## Medlem Norges Bondelag

- Bankkort uten årsgebyr
- Unikt rådgivningsmiljø
- Gunstig rente

### Gode medlemsfordeler

Alle som er medlem av Norges Bondelag kan bli kunde i Landkreditt bank og dra nytte av avtalen mellom oss og Norges Bondelag. Vi har et stort rådgivningsmiljø som kan gi deg råd tilpasset dine behov innenfor dagligbank, landbruk, lån, sparing og pensjon.

Les mer på [Landkredittbank.no/nb](http://Landkredittbank.no/nb)  
eller snakk med oss på 815 52 245.





! Ring oss på 03100, så hjelper vi deg

## Har du benyttet deg av medlemsfordelene dine?

**Som medlem av Norges Bondelag kan du få store fordeler hos oss:**

- svært god pris på dødsfallsforsikring og ulykkesforsikring
- 20 prosent rabatt på private forsikringer
- inntil 29 prosent rabatt på driftsforsikringer, ytterligere 16 prosent rabatt ved god risikoscore
- ekstra rabatt på bilforsikring for ungdom

Kontakt oss på telefon 03100 eller les mer på [gjensidige.no/landbruk](http://gjensidige.no/landbruk)



